# Radøy kommune

Kultur- og sørvistorget

Arne Villanger

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Arthur Kleiveland | 02.11.2016 |
| Vår: 16/1378 - 16/13880 | arthur.kleiveland@radoy.kommune.no | |

# Allmennsoga for Radøy - spørsmål om midlar

Takk for ditt innspel om midlar til allmennsoge for Radøy, som avslutning på dei fem binda gards- og ættesoga for Radøy kommune.

Formannskapet drøfta innspelet om allmennsoge i sak 92/2016 i møte 19. oktober. Formannskapet ser ikkje at kommunen økonomisk er i stand til å ta på seg eit slikt omfattande prosjekt som allmennsoga vil vera.

Formannskapet viser til vedtak i kommunestyresak 033/2014:

*"Kommunestyret er positiv til at det vert utarbeidd ei allmennsoge for kommunen. På grunn av særs trong økonomi og utsiktene til andre store oppgåver innan kultur- og kulturminneområdet, ser ikkje kommunen seg førebels i stand til å gje ut allmennsoge og avsluttar bygdebokprosjektet etter fem bind med gards- og ættesoge. Kommunen er positiv til å stilla allereie innsamla materiale til disposisjon dersom andre ynskjer å gje ut ei allmennsoge for kommunen."*

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**
Arne Villanger